



**Saksframlegg**

**Klage på avslag om frådeling av tun på Heddersvik gbnr. 1/9 - Kviteseid kommune**

| Utval                          | Utvalssak | Møtedato |
|--------------------------------|-----------|----------|
| Hovudutvalet for plan og miljø |           |          |

**Endeleg vedtaksrett i saka har:** Hovudutval for plan og miljø

**Dokument i saka:**

Søknad til Kviteseid kommune vedlagt krav om oppretting av matrikkeleining med nabovarsel og 3 avisutklipp gjeldande frådelinga i Fyresdal og 3 stk i Nissedal.  
Utgåande brev om handsamande kommune.  
Klareringse-post vedlagt kart  
Førespurnad til Kviteseid om uttale  
Uttale frå landbrukskontoret i Nissedal og Kviteseid  
Vedtak – Søknad om frådeling av bygningane på Heddersvik gbnr. 1/9 i Kviteseid kommune  
Inngåande brev gjeldande Heddersvik frå 31.01.25 (Vedlagt)  
Klage i saka (Vedlagt) m/kart og avisutklipp

**Vedlegg**

- 1 Fyresdal Kommune Klage 24.02.2025.docx
- 2 Epost - sak2024\_2284-5
- 3 Heddersvik 3 mål.pdf
- 4 NIBIO utskrift Heddersvik Utskilt område.pdf

**Bakgrunn for saka:**

Mikkel Vegar Veum-Sørhoel og Gunhild Andrea Veum har sendt inn klage på avslag om frådeling av bygningane på Heddersvik gbnr 1/9 i Kviteseid frå resten av driftseininga Liarheim, gbnr. 41/4. Søknaden er mottatt 24.02.2025.  
I klaga ber søkarane om at både bygningar med det fyrste arealet på om lag 20 dekar og nytt innspel om bygningane med om lag 3 dekar vurderast.

**Vurdering:**

I møte 05.02.25 avslo politkarane å dele frå bygningane med om lag 20 da tomt i Heddersvik frå resten av driftseininga med 3 mot 1 stemme. 1 medlem av utvalet var kjent ugild.

No i klagehandsaminga vert dei ankepunkta som er påpeika i klaga gått igjennom i den rekkefølge som det ligg.

Det står at det vart sendt ein e-post til utvalsmedlemmane og kommunen den 31.10, dette er sjølvsagt feil, då rett dato er 31.01.

Representantar for klagarane var tilhøyrarar då saka fyrst var oppe til handsaming. Dei nemnte at det vart sendt ein e-post til utvalsmedlemmene i forkant av møte og spurde om dette brevet ikkje skulle takast omsyn til i saka. Svar på dette som vart opplyst i møtet var at alternative forslag kunne ikkje sakshandsamar ta stilling til etter at saka var ferdigstilt og lagt fram for utvalet. Dette hørde eventuelt heime i ei klage. Derfor vert denne e-posten no lagt med som vedlegg til saka. I dette skrivet fylgde det også med eit alternativt areal til frådelling på 3 da.

Det har blitt lagt ved ein oversikt over dei utgiftene som kan kome på ved opprusting av bygningane på Heddersvik. Det vil alltid vere utgifter til bygningar. Utgifter som kjem på bygningar er likevel ikkje noko argument for å få dele dei frå ei driftseining. Ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonars behov. Og at framtidige generasjonar vil ha nytte av ei hytte på denne teigen både for rekreasjon og næringsutøving er heilt sikkert. Som de skriv er det ikkje vedlikehaldsplikt på gamle hytter i utmark. Men for forvaltning av eigedomen og for å få mest mogleg ut av den for kommande generasjonar er det viktig at ein ikkje delar frå driftshusa som kan gje eit potensiale i næring. Bare det å ha ei tomt for neste generasjon vil vere verdifullt. Vert bygningane på Heddersli delt frå er det ikkje gjeve att neste generasjon får høve til å setje opp nye bygg. Vi ser det difor i ei delingssak som lite relevant kva kostnader de måtte meine at trengs for å ruste opp Heddersli.

I klaga har det har kome eit innspel om å berre dele frå 3 dekar med bygningar i staden for 20 dekar. Dette gjer ikkje saka annleis. Det vil uansett fråta driftseininga vesentlege ressursar, og det er høvet til å få ha eit tun med bygningar her som er verdfullt for vidare drift av driftseininga.

Likeeins er det underordna at klagar hevdar at viltbestanden ikkje er så stor som den var på 2020-talet. Populasjonar av vilt vil alltid svinge i storleik påverka av jaktuttak, leveområder, overvintringshøve og eventuelt rovdyr.

Det er påpeika i klaga at det ikkje er god forvaltningsskikk å vise til presedens. I dette tilfellet er det svært relevant. Saker skal handsamast individuelt, men like saker skal så langt som råd handsamast likt. I dette tilfellet er det snakk om det einaste tunet / bygningane som høyrer til Heddersvikdelen av driftseininga, ein eigedom på om lag 5400 dekar. Det er klart at om vi delar frå tunet her så kan andre bruke det vedtaket som eit argument for at deira sak også skal handsamast på same måte. Søkar har sjølv vist til to eksempel på deling i Nissedal for å synleggjere saka si og brukar kommunalsjefen si rolle som ordførar der i argumentasjonen. Tilfellet i Nissedal gjaldt ei deling av ei driftseining der ein kunne få busetjing på to bruk. I tillegg gjaldt det frådelling av eit regulert utbyggingsområde med noko LNF-areal pga arronderinga. Her i kommunen strekker vi oss også langt når det gjeld omsyn til busetnad då det er eit viktig moment. Når det gjeld utbyggingsområde kan desse delast frå dersom ein ikkje har tatt med i reguleringsplanen at jordlova skal gjelde. Lengre utgreiingar vert ikkje gjort her, då dette uansett er i nabokommunen og deira praksis, og vår kommunalsjefs rolle som tidlegare ordførar i nabokommunen vedkjem ikkje saka.

Så til innspelet i klaga som gjaldt den førre saka som dreia seg om deling av dei to eigedomane. Ein finn det underleg at klagar påpeikar at kommunen har avvist at eit av medlemmane i utvalet var inhabil. At eit av utvalsmedlemmene som handsama klagesaka var inhabil var eit innspel som berre vart sendt til Statsforvaltar. Denne instansen tok ikkje stilling til spørsmålet om habilitet då vedkommande det gjaldt berre var med på avgjersla om at klagesaka skulle sendast til Statsforvaltar for endeleg avgjersle. Då kommunen, gjennom Statsforvaltaren sitt vedtak på førre sak, vart klar over søkarane sitt innspel, var det naturleg at vedkommande utvalsmedlem spurde utvalet om sin habilitet, og ho vart då kjend inhabil.

I klaga kjem det fram at det er tatt opptak av møtet. Det er ikkje ulovleg, men det burde absolutt vore opplyst om at det ville bli tatt opptak før møtet starta. Når det gjeld klagaranes kommentar om administrasjonen sitt utilbørlege press på politikarane gjorde ein politikar det klart at ho ikkje var kjend med lovverket. I den samanheng var det naturleg å opplyse om framtidige

konsekvensar av eit vedtak. Men det vart opplyst at politikarane likevel stod fritt til å gjere det vedtaket dei ynskte. Og så vart det ei pause for at politikarane kunne diskutere i einarom utan administrasjon og tilhøyrarar. Ein kan ikkje sjå at det har vore noko utilbørleg press i det heile.

Vi har forståing for at Mikkel Veum-Sørhoel føler ein sterk tilknyting til Heddersviki. Dette er likevel ikkje argument som kan tale for ei frådeling av husa på ein landbrukseigedom. Ein frådeling vil klart svekke driftsgrunnlaget for eigedomen og vil vere i strid med føremålet i jordlova som er å disponere arealressursane på ein måte som er mest mogleg gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessige gode løysingar.

### **Konklusjon:**

I kaga har det blitt spela inn argument som kostnader ved å ruste opp hytta, reduksjon i viltbestand og sterk tilknyting til Heddersviki. Ingen av desse argumenta som kagar har spela inn gjev grunn til å endre standpunktet om å avslå frådeling av husa på Herddersviki med ei tilhøyrande tomt, 3 dekar eller 20 dekar. Ei frådeling er ikkje ei driftsmessig god løysing då næringsgrunnlaget på Liarheim vert redusert.

### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Hovudutval for plan og miljø opprettheld vedtaket sitt i utvalssak 3/25 om å ikkje dele frå tomt med bygningane på Heddesviki, gbnr. 1/9 i Kviteseid frå driftseininga Liarheim, gbnr. 41/4.

Vedtaket grunngjevast med at det ikkje har kome fram nye vesentlege opplysningar sidan sist saka var oppe til handsaming.

Saka vert sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for endeleg avgjerse.

|                 |                    |
|-----------------|--------------------|
| Ulf Pedersen    |                    |
| Kommunedirektør | Elin Skålid        |
|                 | rådgjevar landbruk |